

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 56/2005

Møtedato: 7.12.05

Arkiv nr:

Digitalt kartverk V-GIS

Fjellstyret har fått spørsmål frå kommunen om fjellstyret ynskjer å kople seg opp mot det nye digitale kartverket for Valdres (V-GIS). Den interkommunale gruppa har signalisert at kostnadane for fjellstyret vil bli rundt kr 40.000 i eingongsbeløp og ei årleg avgift pr kr 10.000.

I sak 42/05 gjorde fjellstyret følgjande vedtak:

Fjellstyret finn at kostnadene er for store sett ut frå nytta ein har av produktet og vel å takke nei til tilbodet om tilgang til det nye digitale kartet.

Prosjektgruppa for det digitale kartet over Valdres er interessert i at fjellstyret blir brukar av kartet. Statskog, Øystre Slidre og Vestre Slidre fjellstyre vart kalla inn til eit møte den 17. november for meir informasjon om V-GIS. Vi gjekk gjennom kartløysinga og fekk presentert eit utkast til avtale der det var skissert ein ny inngangspris på kr 20.000 og ei årleg avgift på kr 10.000 i prosjektperioden tom 2007.

Fjellstyra ynskjer ved eventuell deltaking å inkludere opplysningar frå stølsregisteret. Dette kan gjerast utan ekstra kostnad fram til 1.2.06. Innsynet kan gjerast avhengig av passord. Tilgang til stølsregistert føreset samtykke frå Statskog. Vi har ikkje fått svar på om Statskog tillet dette.

Kartet er i hovudsak laga for kommunal saksbehandling, men det er lagt ut på internett slik at alle kan bruke delar av kartløysinga. På webversjon får ein ikkje med seg alle funksjonar, m.a. er det ikkje mogeleg å hente ut opplysning om eigar av eigedom. Opplysning om eigar vil fjellstyret kunne få gjennom stølsregisteret. Webversjon av stølsregisteret er lovt å vera tilgjengleg i starten av 2006.

Det var ynskje om fleire betalande brukarar til kartet for å finansiere den offentlege tilgangen. V-GIS gir god informasjon på eigedomsnivå, men har dårleg kartgrunnlag for generell informasjon. Fjellstyret har laga sitt eig webkart for informasjon til publikum og dette ligg ute på vår heimeside. Kartet byggjer på turkartet i målestokk 1:50.000. Kartet er laga med tanke på dei som skal bruke området vårt i tursamheng. Dette kartet skulle lagast i fellesskap med kommunen. Midt i prosessen trekte dei seg, slik at fjellstyret vart åleine om kostnadane. Det gjeld då også framtidig drift og vedlikehald. Sidan fjellstyret alt har brukt midlar til webkart for publikum, er det avgrensa kor mykje meir ein kan bruke på dette feltet.

Stensrud opplyste at Statskog har digitalt kartverk under utarbeiding og dette vil vera klart i fyrste kvartal 2006. Statskog vil derfor ikkje kople seg opp mot V-GIS. Stølsregisteret vil bli tilgjengeleg på internett i starten av 2006, men det vil ikkje bli kartløysing inkludert ved oppstart. Det er usikkert når fjellstyra vil få tilgang til dette kartet. Sidan Statskog har laga kart for statsallmenningane, bør dette etter kvart kunne gjerast tilgjengeleg for fjellstyra.

Det kan vera tenleg å vera knytt opp mot lokalt kartløysing. Brukarstøtte for fjellstyret vil vera enklare om dette kan hentast lokalt.

Dei foreslegne prisane for tilkopling er for høge ut frå eige nytte av kartet. Beløpet må eventuelt reknast som eit tilskot for at kartopplysningar på eigedomsnivå skal vera tilgjengeleg for publikum. Tilskot må vurderast ut frå dei ressursar fjellstyret alt har gjort ved å leggja turkartet ut på internett.

Vedtak:

Tilbodet om å knytte seg opp mot V-GIS er interessant for fjellstyret, men prisen på kr 10.000/20.000 er for høg. Det må forhandlast vidare om reduksjon i pris om fjellstyret skal knytte seg opp mot kartet.

Leiaren får fullmakt til å underskrive avtale med V-GIS om det blir oppnådd tilfredstillande pris.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 8.12.05

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: V-GIS v/Kari Bergit Lien
Vestre Slidre kommune v/Lars Brestad